



Saksbehandlar:  
Dag R. Os

Dato: 02.02.2022

## Saksframlegg

### Val av skulemjølkleverandør

#### Samandrag:

Hareid kommune skal velje ny leverandør av skulemjølk for dei neste fem åra. Vi har to alternativ.

#### Kommunedirektøren si tilråding:

Hareid kommune vel BERRE Mjølk som fast leverandør av skulemjølk dei neste fem åra.

#### Saksopplysningar:

I arbeidet med å finne ny leverandør av skulemjølk, har vi funne to alternativ.

- Alternativ 1: BERRE Mjølk frå Ålesund
- Alternativ 2: KUUUL Skuledrikk frå Bergen

Det er store forskellar mellom leverandørane.

#### Utval

BERRE Mjølk har, som namnet seier, berre mjølk. Det er den rosa lettmjølka. Dei som vel å ha skulemjølk må ha det kvar dag.

KUUUL Skuledrikk har eit mykje større utval. Dei har både forskjellige typar vanleg mjølk (H-mjølk, skumma og lett). I tillegg har dei jus, smoothie, sjokolademjølk og anna smakssatt mjølk (utan sukker) og sju forskjellige yoghurtar. Elevane kan velje kvar veke kva dei har lyst på.

Det er også verdt å nemne at alle produkta til KUUUL skuledrykk er økologiske.

#### Pris

Hos begge leverandørane kostar den rosa lettmjølka det same: 5 kronar.

Prisane for dei andre produkta som KUUUL skuledrikk leverer er vanleg butikkpris.

BERRE Mjølk, som held til i Ålesund, kan levere til Hareid utan tillegg i pris. KUUUL Skuledrikk har lager i Bergen. Det gir dei lengre reiseveg og dei skal derfor ha 3 kroner ekstra i frakt per mjølkekartong/yoghurt eller liknande.

## **Vurdering**

Administrasjonen har vurdert dei to alternativa grundig. Det er fordelar og ulemper med begge. Det er heilt klart ein fordel med eit stort utval og mykje valfridom som KUUUL skuledrikk gir.

Ulempa med dette alternativet er pris.

Eit skuleår har 190 skuledagar. For ein elev som berre drikk vanleg mjølk, vil det derfor koste 570 kroner meir i året om vi vel KUUUL skuledrikk i staden for BERRE Mjølk. Det vil også vere dyrare å kjøpe dei andre produkta deira, samanlikna med å kjøpe i butikk.

Vi ønsker at alle skal ha tilgang til mjølk på skulen. Det er sunt og eit viktig bidrag til folkehelsa og god læring. Vi veit at dei 570 kronene det vil koste ekstra å ha vanleg mjølk frå KUUUL skuledrikk, vil gjøre at fleire familiarar ikkje har råd til å ha skolemjølk.

Vi ser på det som vår oppgåve å leggje til rette for flest mogleg. Administrasjonen rår derfor til at barnas kommunestyret vel BERRE Mjølk som skalemjølkleverandør.

Ragnhild Velsvik Berge

kommunedirektør